

## Årsmelding Verås Grendalag 2018.

Styret for Verås Grendalag i 2018 har bestått av:

Leiar	Arvid Rosnes
Nestleiar	Leif Erik Gullanger
Kasserar	Beate Fjellanger
Styremedlem	Synne Holmefjord
Styremedlem	Berit Ynnesdal Furseth

1.Varamedlem	John Eilert Solheim
2.Varamedlem	John Andre Solheim

Revisorar: Svein Håkon Mongstad, Eldbjørg Bakke.

Året 2018 har vore eit roleg år med tanke på både aktivitetar og dugnader.

### Arangement

Arangement i 2018 som Grendalaget har hatt ansvar for er:

Basaren søndag 08.april og tradisjonell 17. mai-feiring.

### Medlemstal.

Medlemstalet i Verås Grendalag i 2018 var 54 betalande medlemmer. Dette er nokre fleire medlemmer enn i 2017.

Men sjølvom det vart kopierte og delt ut nesten 170 blankettar er det ganske få som betalar medlemsskapet.

### Styremøter.

Det vart i 2018 avvikla 4 styremøter i Verås Grendalag.

Alle møtene er avvikla i grendahuset. Frammøtet til styremøtene har vore litt variabelt.

Men styret har også deltatt i møter både med basaren og 17.mai.

Vedtak som styret har handsama og fått gjennomført er blant anna:

- Gjennomført basaren 08.april.
- Gjennomført 17.mai feiring
- Halloween-fest 27.oktober.
- Julelunch/frokost m/nissen 01.des. Gratis adgang for alle.

## **Utleige.**

Grendahuset har i 2018 vore normalt i bruk. I alt 35 gonger.

Både til bursdager, møtelokale og ungdomlokale.

Dei fleste utleigene er til Fritex, men og nokre utleiger til private og til gjengangaren Lindås Båtforening (LBF).

Oversikten syner at:

- Fritex har brukt huset 19 gonger.
- LBF har brukt huset 4 gonger.
- Rissundet Velforening har brukt huset 1 gong
- Private har brukt huset 17 gonger.
- Andre tilsteljingar: 2 dagar til basar og 2 dagar til 17.mai.
- Utlån av bord og stolar 2 gong.

Rutiner med å få inn pengar etter utleige er god. Alt av betaling skjer via nettbank, ingen kontanter i omløp.

Rutinesjekker etter utleigarar syner at det blir godt rydda og vaska. Men det kjem fleire klager på at golvene både i stova og gangen er tunge og vanskelege å få reine.

Også justering av varmpumpene til 16 grader oppe og 10 grader i kjellaren blir gjort. (16 i vintrehalvåret).

## **Økonomi.**

Det var på konto ved utgangen av 2018:

Bruks konto:	kr 61 412
Høgrete konto:	kr 102 000
Til saman	kr 163 412

## **Basaren 2017.**

Basaren i 2018 vart halden søndag den 08.april.

Også denne gongen eit vellukka arrangement som gav gode pengar i kassen Godt og vel kr 27 000 vart sett inn på konto! Svært bra!

Denne basaren var det spesielt Synne Holmefjord som gjorde ein stor, stor innsats. Også sammen med Berit Furseth.

## **17.mai 2017**

17. mai vart avvikla på tradisjonell måte.

Været var bra og alle aktiviteter vart avvikla ute.

Kaffi, kaker, is, pølser, brus og suppe vart servert inne. Suppa som dette året også vart laga av Hugo Furseth. Godt sponsa med kjøtt frå Leif Gunnar Bakke.

Inntekta denne dagen, vart ca kr 10 000. Bra!

### **Straumforbruk.**



Straumforbruket for år 2018 er registrert til 12 992 kwh.  
Dette er ein reduksjon på 1 771 kwh i fht året 2017.

### **Vatnforbruk**



I 2018 er det registret eit vatnforbruk på 12M<sup>3</sup>. (12 000 L)

### **Forsikring på grendahuset.**

Forsikring på grendahuset hjå Gjensidige for 2018, kr 14 121.  
Kundeutbytte kr 2 173.

### **Vassledningen.**



Også i 2018 var det ein lekkasje på vassledningen.  
Denne gangen i påknytningspunktet til G/Br nr 114/10, Eldbjørg Bakke som også stod for kostnaden med rep.  
Pga denne lekkasjen var alle brukarane utan vatn i ca 1 døgn.  
Leiar i Verås Grendahus vart informert om lekkasjen og var også med å hjelp rørlegger med tilkomst.

### **Jordfeilbryteren.**

Jordfeilbrytaren har også i 2018 slått seg ut fleire gonger når det tordner og lyner.  
Dette til tross, det er ikkje montert ny jordfeilbrytar slik me hadde planer om.